

sett  
frå

## KYRKJETÅRNET

Tilbakeblikk på  
konfirmantleir

Siste veka i sommarferien var konfirmantane i Volda, Austefjord, Dalsfjord og Kilsfjord samla til konfirmantleir på Kjeldsund. På programmet stod blant anna undervisning om mange tema som gudsteneste og nattverd, død og liv, kjærleik og dei ti bod. I tillegg var det mykje fritid. Ungdomane kunne dessutan velje mellom mange ulike aktivitetar. Her stod både padling, bading og baking høgt i kurs. Kvar dag vart avslutta med samtaler i smågrupper og ei roleg kveldssamling med lystening, bøn, song og personlege forteljingar om tru. Ein av kveldane vart det arrangert sponsorkjøp. Konfirmantane kunne velje å springe løypa fortast, mest gongar eller gå i lag. Nokre var heilageng i målområdet. Det var det mykje engasjement blant ungdomane! Tilsaman vart det samla inn over 24.000 kr til NMS sitt arbeid på Madagaskar. Tusen takk til alle som har støtta ungdomane.

Vi ønskjer også å takke alle frivillige medarbeidarar, foreldre og



forbedarar for deira innsats under leiren!

Denne helga og neste er det konfirmasjonar både i Kilsfjord, Dalsfjord, Austefjord og Volda.

Vi ønskjer konfirmantane ein god dag og ber om Guds velsigning over livet og framtida.

Åtvararar mot  
svindelforsøk

– Ein er kanskje kjend med at oppringingar frå utanlandske nummer som gir seg ut frå å vere frå Microsoft er svindel, men i dag opplevde eg ein ny variant av same sak, fortel ei kvinne på telefonen til Møre. Kvinna kan opplyse at ho denne gongen vart ringt opp frå eit norsk nummer. Då ho svarte på anropet, var det ei engelskspråkleg kvinne i andre enden som utgav seg for å vere frå Microsoft.

– Svindlarane har altså blitt så avanserte at dei nyttar norske nummer. Då eg prøvde å ringe opp att, berre for å sjå kva som skjedde, fekk eg beskjed om at nummeret ikkje eksisterte, seier kvinna, og åtvarar andre mot liknande svindelforsøk.

– Microsoft ville sjølv sagt aldri ringt rundt til folk på denne måten, slår ho fast.

– Svindlarar brukar  
telefon-nummeret mitt!

Møre har blitt kontakta av ei voldakvinne som fortel om at ho plutselig fekk ei mengd med oppringingar frå ukjende nummer. Alle påstod at kvinna hadde ringt til dei. Noko som ikkje var tilfelle. Etter nærare oppfølging fann kvinna ut at dei som hadde ringt til henne hadde blitt ringt opp av svindlarar, som på ein eller annan måte brukte hennar telefonnummer som visningsnummer hos den svindlarane ringde til. I og med at den som vart ringt til såg eit norsk nummer i displayet, så var det også større sjansje for at dei svarte

på oppringinga.

– Eg har kontakta telefonoperatøren min og bedd dei hjelpe meg. Men dei står makteslause overfor dette. Den einaste løysinga dei har tilbode meg er å skifte nummer. Dei har også forklart at eg ikkje er den einaste som har denne utfordringa. Svindlarane skiftar på å bruke nummera, og bruken av mitt har svinga mykje, så det ser ut for meg som om dei legg det vekk i lenger og lenger periodar. For problemet er avtakande, seier kvinna til Møre.

Teaterpremiere  
i Ørsta

Ut i september kjem Riksteatret til Ørsta for Turnépremiere på Svar på brev frå Helga. Dei folkekjære skodespelarane Helge Jordal og Ragnhild Gudbrandsen byr på ei framsyning som spør:

Romeo og Julie for vaksne.

Turnépremiere i Ørsta 18. september 2019.

Med Helge Jordal og Ragnhild Gudbrandsen. Av Bergsveinn Birgisson. Oversetting: Johannes Gjerdåker. Dramatisering og regi: Stig Amdam. Scenografi og kostyme: Åse Hegrenes. Lys: Einar Bjarkø. Produsert etter avtale med Teaterforlaget Songbird AS. Produsert av Hordaland Teater. På turné med Riksteatret.

Sagt om boka:

«En oppsiktsvekkende god bok (...) Språket sitrer av begjær. Uforløst begjær - og lengsel.»

Dagbladet, 5

«Full av følelser og tanker om menneskelivet»

VG, 5

«Vakker brevkunst»

Aftenposten

«Det skal godt gjøres ikke å like denne boken, en sann diaman»

Vinduet

«Årets beste bok. Har du ikke lest denne boken, så har du gått glipp av noe virkelig stort»

Bokdama Anette Garpestad

«Eg tar meg sjeldan tid til å lese ei bok fleire gonger, men denne vesle perla av ein roman har eg nett tatt fram og lese om att. Romanen er klok og humoristisk og samstundes så trist og tankefull.»

Anne Merete Hegrenes, Bergen offentlige bibliotek

Ørsta kulturhus og kino